



VEGAR OG BRUAR

TONESETT

1
Vegar kom til i dei gamle far,
dei gamle far, der folket var;
reset mot høgda, stigen mot hei,
og langsetter fjordar i langande lei,
i langande lei.

Tufta på grunnfjell
der veg møter veg,
brua frå meg til deg.

2
Kom dei så til både folk og fe,
kom folk og fe i bygd og grend;
rydda dei lende, kvar i sitt slag,
og pløgde dei engene dag etter dag
med slitarens drag.

Tufta på grunnfjell
der veg møter veg,
brua frå meg til deg.

3
Kom dei så farande, fut og fant,
kom fut og fant, kom høg og låg;
gjekk dei så ut i vilske og ver
og fann seg ei livbøye, fjern eller nær
i lagnad og verd.

Tufta på grunnfjell
der veg møter veg,
brua frå meg til deg.

4
Vegar kom til i dei gamle far,
dei gamle far, der folket var.
Samveven spinn seg sin song i tein,
leikar i hugen og merg og bein
i ein etter ein.

Tufta på grunnfjell
der veg møter veg,
brua frå meg til deg.



Frå Dalevatnet GJENGEDALSSTØYLEN 1969